


Plan om kjøken og butikk på Feet

12.01.2012



Elin og Geir Enes har no søkt Statens vegvesen om ny avkøyrsløse frå fylkesveg 47 i samband med ein plan dei har om eit næringsbygg ved løa på Nedre Feet. Dei opplyskar i søknaden at bygningen blir 95 kvadratmeter stor og skal innehalda storkjøken, gardsbutikk, lager og kontor. Dei må difor ha avkøyrsløse og parkering for varelevering og kundebesøk.

Elin Enes opplyskar til uskedalen.no at dei ynskjer å byggja eit produksjonskjøken på garden, men ho presiserar:
- Alt er enno på eit tidleg stadium og alle planar er enno ikkje klare.

Draumen er å driva eit kjøken/bakeri der eg kan selja kaker, koldtbord, tapas og kvardagsmiddagar som catering og ha eit lite utsal for gardsmat.

Elin held fram at det er for tidleg å sei noko meir om prosjektet då dei har mykje planleggjing og søkjeprosessar som står att.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Det trengs ein ny avkøyrsløse like ved løa